



Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 ØLEN

Kontakt saksbehandlar

Elisabeth Time Ellingsen, 51568799

Høring av søknad om endra løyve frå Fatland Ølen AS

Statsforvaltaren i Rogaland tek løyvet til Fatland Ølen AS opp til revisjon for å tilfredsstilla dei nye BAT-krava. I den samanheng søker Fatland Ølen AS den 29.08.2022 om å auke deira produksjonsrammer for verksemda i Ølen, Vindafjord kommune.

Uttaler frå interesserte kan sendast Statsforvaltaren **innan 25.10.2022**.

Bakgrunn om verksemda

Stad: Øvrehagen 2, 5580 Ølen

Verksemd: slakt og tilarbeiding av kjøtt

Løyve: Gjeldande løyve (2012.146.T) av 02.07.2012, sist endra 22.08.2019, er tilgjengeleg på NorskeUtslipp.no

Utslepp: prosessvatn går gjennom reinseanlegg før utslepp til Ølsfjorden

Søknad om endra løyve

Fatland Ølen søker om å auke løyvet sine rammer for:

- skjering frå 30 000 tonn/år til 40 000 tonn/år
- foredling frå 35 000 tonn/år til 40 000 tonn/år

Statsforvaltaren sine merknader

Det har vore endringar i miljøregelverket sidan løyvet til Fatland Ølen blei gitt i 2012, blant anna innføring av Industriutsløppsdirektivet (IED). Fatland Ølen er omfatta av krava i forureiningsforskrifta § 36-1 andre ledd og er dermed omfatta av BAT-konklusjonane for næringsmiddelindustri (BREF FDM). Statsforvaltaren skal forsikra at verksemda driftar i tråd med beste tilgjengelege teknikk (BAT) og bindande utsleppskrav (BAT-AEL) innan 04.12.2023.

Løyvet til Fatland Ølen datert 02.07.2012 er i år 10 år gammalt og kan derfor endrast med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd. Me vil gi nytt løyve som er i tråd med IED og tilhøyrande BAT-konklusjonar for næringsmiddelindustri, me har i den samanheng bedt Fatland Ølen ta ein vurdering av eiga verksemd og søke om eventuelle endringar. Fatland Ølen søker om økte rammer på grunn av deira produksjonstal, i tillegg ønsker Fatland Ølen at utgåtte krav blir fjerna frå løyvet. Fordi det berre



søkast om økte rammer, og løyvet tas opp til full revisjon, har me ikkje bedt om utvida søknadsbrev. Det er derfor ikkje vedlegg til dette brevet.

Merknader til saka kan sendast Statsforvaltaren

Søknaden vil bli behandla i medhald av forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta), kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova.

I forureiningsforskrifta står følgande: «*Berørte offentlige organer og myndigheter, organisasjoner som ivaretar allmenne interesser som vedtaket angår, eller andre som kan bli særlig berørt, skal forhåndsvarsles direkte før vedtak treffes og gis anledning til å uttale seg innen en nærmere angitt frist*»

Saka er derfor sendt kommunen, mattilsynet og næraste naboar.

Me ønsker spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, eller anna, som me bør ta omsyn til når me avgjer søknaden.

Merknader kan sendast Statsforvaltaren i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger, eller til sfropost@statsforvalteren.no, innan **25.10.2022**.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Elisabeth Time Ellingsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ØVREHAGEN 2 AS	Øvrehagen 2	5580	ØLEN
Svein Fatland	Dreganesvegen 197	5580	ØLEN
Marcin Lukasz Pozanski	Haugane 49	5580	ØLEN
FATLAND ØLEN AS	Øvrehagen 2	5580	ØLEN
Tore Christiansen	Dreganesvegen 57, Haugane 59	5580	ØLEN
Jostein Hundseid	Dreganesvegen 19 B	5580	ØLEN
Karl Teodor Lone	Haukelivegen 786	5580	Ølen
Frode Eikeland	Haukelivegen 789	5580	ØLEN
Roy Åge Grundberg	Haugane 37	5580	Ølen
Zenel Haxhiaj	Haugane 51	5580	ØLEN
Rolf Svendsen	Haugane 58	5580	ØLEN
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Jan Hundseid	Haukelivegen 788	5580	Ølen
SIA ØLEN AS	v/Audun Stople	5585	SANDEID
Natalia Agnieszka Pozanska	Haugane 49	5580	ØLEN
Harald Heggen	Haugane 55	5580	ØLEN
Valmire Haxhiaj	Haugane 51	5580	ØLEN